



# GLOPPEN KOMMUNE

## LANDBRUKSKONTORET

Landbruks- og Matdepartement  
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 12/1193	Doknr.:
Mottatt: 28 APR 2013	LP/NM
Saksbehandler:	Ark.: 545
Kopert:	Avskrift:

Att: Marianne Nilsen

Dykkar ref  
12/1193

Vår ref (oppgje ved svar)  
13/5319

Dato  
25.04.2013

### Høyringsuttale - forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord

Vi tek her føre oss dei paragrafane som vi synest treng oppjustering.

#### § 2

Omgrepa drenering og grøfting er agronomiske likeverdige og kan nyttast om dei same tiltaka.

Det er positivt at profilering og omgraving av myrareal vert ein del av ordninga.

#### § 3

Andre leddet :

Her må kravet om miljøplan samordnast med td Smilsøknader. Føreligg det Miljøplan trinn 1 og kart med innteikna grøfter, både gamle og planlagde, saman med grøftesøknad der arbeidet er omtala, må dette vere nok til at dette kan kallast miljøplan trinn 2. Det kan likevel vere eit krav at grøftingane skal kartfestast nøyaktig etter utført arbeid.

#### § 4

Vi oppfattar at «annen grøfting» skal tolkast som sporadisk grøfting. Med kr. 10 pr. løpemeter grøft ( sporadisk grøfting ) og ingen utbetaling for berekna tilskot under kr. 5000, har ordninga lita eller ingen betydning for brukarane i Gloppen.

Generelt :

Med målsetjing om auka produksjon og kvalitet er god agronomi viktig, grøftetilstanden er ein av dei viktigaste av desse faktorane


God drenering har mange fordelar

- Avlingsmengde
  - Det er synleggjort at godt drenert matjord gjev auka avlingsnivå
- Avlingskvalitet
  - Sikrere og betre næringsopptak trygger kvaliteten på avlinga. Samstundes sikrar ein djupare røting av plantane

- Redusert avrenning  
- Plantane aukar næringsopptaket og ein unngår ureining
- Redusert erosjon  
- Minimalisere utvasking av partiklar og næringsstoff
- Meir bæresterk jord  
- Jordpakking er eit stort problem på vassjuk jord. Ved grøfting toler jorda meir før det vert uboteleg skade på jordstrukturen. Samson Øpstad ved Bioforsk seier følgjande : Sjølvlækjingsevna grunna jordpakkingspåverknaden vert auka ved gode grøftar. God drenering gjev og jorda bedre struktur som gjer innhaustinga lettare for bonden, sjølv om det er dårleg vær
- Reduserte utslepp av klimagass  
- Seinare forskning har synt at godt drenert jord bind klimagass betre enn dårleg drenert jord.

I vår kommune er det mykje areal som treng sporadisk grøfting eller ei avskjæringsgrøft for verte fullverdig landbruksareal att. Det er derfor naudsynt det vert gjeve midlar til dette. Då må ordninga vere av ein storleik som betyr noko for søkjar. Kr.10 pr. løpemetar gjev ingen søknadar til Gloppen kommune. Med bakgrunn i Vassforskrifta trur vi at ei god ordning her vil vere eit godt insitament for å halde areala i god hevd. Lov om kulturminne skal sjølv sagt implementerast i kommunen sitt arbeid her og.

Med helsing

  
Jon Egil Vik  
landbrukssjef  
tlf. 979 91 048



Bernt Reed  
fagkonsulent jordbruk  
tlf. 979 91 052